

**Notat**Dato: 28.08.2018  
Arkivsak: 2014/12636-12  
Saksbehandlar: karoen\_

---

**Til:** Administrasjonsutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

**Deltid i Hordaland fylkeskommune - Rapport 2018**

Det vert i denne meldingsaka gjeve ein statusrapport i høve til arbeidet med heiltidskultur i Hordaland fylkeskommune.

HFK har ei målsetting om å utvikle ein heiltidskultur som inneber å få ned talet på ufrivillig deltid. Det vart i 2013 og 2016 gjennomført ei kartlegging av ufrivillig deltid i HFK. I 2013 svara 29 % av dei som jobba deltid at dei ønska seg ein større stillingsprosent. I 2016 var denne delen auka til 37 %. Svarprosenten på kartleggingane var om lag 50 % noko som gjer tala frå undersøkinga representative. HFK har difor stipulert med at det er ca 300-400 tilsette som går i ufrivillig deltid. Desse er ikkje registert på namn, men vi veit at hovuddelen av desse er lærarar, miljøarbeidarar, reinhaldarar, tannhelsesekretærer jf. tabell 2 nedanfor.

I 2017 fekk HFK utarbeidd retningsliner for heiltidskultur i samsvar med kravet i hovudtariffavtalen § 2.3. Retningslinene har fokus på faktorar som kan, ved bevisst praktisering, få ned talet på ufrivillig deltid. Først og fremst gjeld det praktisering av intern utlysing og bruk av førerett til ledig stilling.

I sak 5/17 i administrasjonsutvalet den 18.05.2017 vart det skissert aktuelle tiltak framover, m.a.

- styrke arbeidet med intern utlysing gjennom etablering av ein «stillingsbørs»
- auka fokus på tema gjennom ulike aktiviteter og informasjonstiltak
- auka fleksibilitet i arbeidsstad og oppgåver
- kartlegge konkret kven som jobbar ufrivillig deltid, spesielt dei med meir enn fem år i delstilling.

I samband med samanslåingsprosessen i høve regionsreforma er det gjennomført ei ordning med intern utlysing for alle stillingar med unntak av lærarar og tannhelsepersonell. Det er ikkje etablert noko «stillingsbørs» så langt.

Det har vore auka fokus på tema deltid gjennom m.a. informasjon i internbladet Leiarnytt. Det er p.t. ikkje utført noko kartlegging av *kven* som jobbar *ufrivillig* deltid. Ein planlegg å kome i gang med dette arbeidet i løpet av hausten ved å sjå på konkrete stillingsgrupper og kartlegge faktisk ufrivillig deltid, spesielt tilsette som har jobba deltid i meir enn 5 år. Ein vil deretter ta stilling til konkrete tiltak for å auke opp stillingsprosenten for desse.

Talet på tilsette i deltid har gått jamt ned frå registreringa starta i 2012 til i dag, jf. tabell 1. Dette viser at tiltaka har effekt og at det er ei bevisstgjeringa kring deltidsproblematikk.

Tabell 1: Utvikling i deltid for perioden 2012-2018

	2012	2013	2014	2015	2016	2018 <sup>1)</sup>
Totalt	1884	1698	1410	1342	1136	1009
Kvinner	1333	1160	985	948	813	713
Menn	551	518	425	394	323	296

<sup>1)</sup> Tal pr 28. august 2018

Dei 1009 tilsette i deltid utgjer 23,3 % av alle tilsette i HFK. Til saman utgjer det 655 årsverk .

Når vi går inn og ser nærare på kva stillingsgrupper som har flest i deltid skil pedagogane seg ut med over halvparten av dei deltidstilsette. Andre store grupper er miljøarbeidarar, tannhelsesekretærer og reinhaldarar.

Tabell 2: Oversikt over stillingsgrupper i deltid

Stillingsgruppe	Totalt	Kvinner	Menn	% av total
Pedagogar	552	337	215	54,7 %
Miljøarbeidarar	131	106	25	12,9 %
Tannhelsesekr	73	73	0	7,2 %
Reinhaldarar	55	49	6	5,4 %
Kontorpersonale	45	42	3	4,4 %
Tannlegar	32	28	4	3,1 %
Driftspersonale	8	4	4	0,8 %
Tannpleiarar	14	14	0	1,3 %
Andre <sup>*)</sup>	99	60	39	9,8 %
<b>TOTALT</b>	<b>1009</b>	<b>713</b>	<b>296</b>	<b>100 %</b>

<sup>\*)</sup> fagarbeidarar, kantineassistentar, rådgjevar m.fl.